# KYRKJEBLAD FOR ÅL

NR. 5 | 2019 | 60. ÅRGANG

VELKOMMEN ELIN / PRINSEN AV EGYPT OG OSS ANDRE / PÅ SKATTEJAKT I KYRKJA
Å FINNE KVARANDRE I E-MOLL / AKTUELT / TAKK, LINE! / FRA JUSS TIL TEOLOGI



***Ruiner i Cæsarea, Israel:*** *Fra hele verden vender jøder tilbake til Israel. Der det var tørt land kan en nå se vannrike kilder. Vi opplever at ørkener blomstrer. Guds løfter oppfylles skritt for skritt, og dette vet vi allerede fra profetene: «Da vil jeg vende lagnaden for Israel, mitt folk. Den jorden som lå øde, er blitt som Edens hage. Det som ligger i ruiner skal bygges opp igjen. Og de skal sanne at jeg er Herren.»*

TEKST OG FOTO: ARNE JENSEN

Av Tone Idunn Kjerland Anthun



Vi skriver oktober. Sommeren er definitivt over, selv om september også har gitt oss sol og varme som kan minner mer om sommer enn tidlig høst. Høsten er slett ikke så verst, og det er mye å glede seg over. Ute kler naturen seg med en nydelig fargeskala av grønt, gult, oransje og rødt. Og tenk bare på mulighetene for fine turer i skogen eller på fjellet – i deilig frisk og klar luft. Mange har også mye god frukt som epler, plommer og kirsebær i hagene sine som kan brukes til saft og syltetøy. Og skogen er full av g[illegible]opp og bær som kan plukkes. Oktober er dessuten måneden midt i mellom sommer og vinter. Jeg synes at forberedelsene til den hektiske juletida og førjulstida starter tidligere og tidligere for hvert år, men for de fleste vil det i oktober fortsatt være ro.

Høsten er også en tid for endringer, kanskje aller mest for barna. Ny avdeling i barnehagen eller nytt klassetrinn - og plutselig er man gammel nok til fritidsaktiviteter som tidligere bare var for andre. Vet du, som forelder, om alle tilbudene til barna i kirka vår? De minste kan for eksempel være med på baby – og småbarnssang, og de i 1. trinn får være med på gårdsbesøk om våren. Og er de skikkelig heldig får de også oppleve lammefødsel. Det finnes også andre aldersbestemte samlinger med aktiviteter og bokutdeling, Lys våken med overnatting i kirka og Tårnagenthelg der ulike mysterier skal løses. For ikke å snakke om BUK – tre dager med allsidige aktiviteter med det samme sommerferien begynner og èn dag om høsten når det er planleggingsdag. «Etter skoletid» er for alle barn på 4. – 7. trinn med mat, lekser og spill, og «Sprell levande familiebaluba» inviterer hele familien til tacofredag, samlinger og leker. I tillegg finnes det regelmessige aktiviteter som Between (5.-7. trinn), kor, klubb og speidergruppe (fra 2. trinn).

Trosopplæringen i menighetene skal være tilrettelagt for alle uavhengig av funksjonsevne, livssituasjon, kjønn og etnisk bakgrunn. Og de som jobber med ulike tiltak innen trosopplæringen i Ål ønsker å inkludere alle som vil. De vil gjøre døren høy og porten vid! Sjekk gjerne mer på www.aal.kyrkja.no/Unge og se om du finner noe som barnet ditt kan være med på.

Å bli kjent med kirken, de ansatte, alle frivillige og det som skjer der kan gi meningsfulle opplevelser, og kirka blir da en naturlig del av stedet der man bor. Hvor naturlig, også i dagligtalen, kan for eksempel følgende historie vise:

August 2014. Jeg hentet de to eldste barnebarna, som da var 3 og 5 år, i barnehagen. Da vi kjørte forbi kirka, kom det fra baksetet:

- Jeg kan si kyrkja. Det er k y r k j a.
- Jeg kan også si kyrkja. Det er kirke.
- Du sier det på svensk du Anna. Jeg sier det på norsk!

*God høst!*



## Velkommen, Elin

I september begynte Elin Etterlid Tveito som kontormedarbeider/sekretær ved kirkekontoret på Ål. Her har hun 50 prosent stilling, og blir å treffe henholdsvis to og tre dager annenhver uke. Sekretæren har en sentral og viktig plass i enhver virksomhet, også i kirken. Med kontor like på innsiden av inngangen, blir hun ofte den første besøkende møter. På mange måter et kirkens ansikt utad. Kirkebokføring, registering i forbindelse med gudstjenester og kirkelige handlinger er bare noe av det hun får ansvar for.

Elin hadde sine første barneår i Leveld (Haug), før familien bygde hus på Ål. Men for 15 års tid siden gikk flyttelasset tilbake til Nordbygdene. Der bor nå familien på fem med tilgang til «ski inn ski out» vinterstid, og med storslått utsikt hele året. Tre barn innebærer en hektisk hverdag. Desto mer takknemlig er vi for at Elin i tillegg takket ja til stillingen ved kirkekontoret. Vi gleder oss allerede over et positivt og konstruktivt samarbeid.

*Arne Jensen*


**KYRKJEBLAD FOR ÅL**

**REDAKSJONSKOMITÉ** Tone Idunn Kjerland Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen
**BANKGIRO** 2320.20.70272 | **ADRESSE** Postboks 140, 3571 Ål | **UTGJEVAR** Leveld, Torpo og Ål sokneråd
**GRAFISK PRODUKSJON** Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

**KYRKJA I ÅL**

**KYRKJEKONTORET** Ope tysdag–fredag kl. 09.00–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no
**PROST** Sveinung Hansen | **PROSTIPREST** Arne Jensen | **SOKNEPREST** Vigdis Moen Storhaug | **KYRKJEVERJE** Kjellfred Dekko | **SEKRETÆRAR** Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
**KANTOR** Audun Flaen | **MUSIKARAR** Ingunn Stræte • Håkon Tveito | **DIAKON** Hilde Kirkebøen | **KYRKJELYDSPEDAGOG** Kristine Giljebrekke Andersen | **REINHALDAR** Rezene Habtom
**KYRKJETENARAR** Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | **SOKNERÅDSLEIAR** Einar Brattegard | **FELLESRÅDSLEIAR** Torfinn Slåtto




# Prinsen av Egypt og oss andre



Av Birger Bolstad

*Har du sett den spennande, dramatiske og fargerike animasjonsfilmen «Prinsen av Egypt» (1998)? Eg har sett den mange gonger.*

Utgangspunktet for filmen er den sterke, bibelske historia om israelsfolkets frigjering frå slavearbeidet i Egypt. I «Prinsen av Egypt» møter me den vesle guten Moses som mora sender ut i ei korg på elva; ho håpar med det å redda livet hans. Dronninga, gift med farao, finn babykorga og adopterer guten, og Moses og sonen Ramses veks opp som brør.




Men som me veit: Alt forandrar seg for Moses når han oppdagar at han eigentleg er ein del av slavefolket. Han rømmer ut i ørkenen og får etter ei tid i oppdrag frå Gud å frigjera hebrearane frå Egypt. Han gjer det ved hjelp av mektige teikn frå Gud. Ramses herskar då over verdas mektigaste imperium, medan Moses altså er leiaren for folket sitt. Konfrontasjonen mellom dei forandrar deira liv - og verdas - for alltid. Er dette «berre» bibelhistorie, kan dette ha betyding for oss i dag?

Eg har vore lærar ein del år i vidaregåande skule og har stundom nytta filmen i undervisninga. «Prinsen av Egypt» er ikkje berre ei god innføring i bibelhistoria, filmen gjev også grobotn for mange og viktige refleksjonar.

Det er særleg ein scene som eg har festa meg ved, historia om Moses og den brennande busken. Moses gjeter småfeet og ser brått ein logande eld, men klungeren brenn ikkje opp. Han går nysgjerrig bortåt. Herren kallar då på han, på denne heilage grunnen: Han skal føra dei hardt prøva israelittane ut or Egypt.

Men Moses seier til Gud: «Men når eg no kjem til israelittane og seier at deira fedrars Gud har sendt meg, og dei spør etter namnet hans, kva skal eg då svara?» Då sa Gud til Moses: «Eg er den eg er. Såleis skal du svara israelittane. Eg Er har sendt meg til dykk.» (2. Mos.3, 13-14).

Vanskeleg og uforståeleg, eller…? Svaret som Moses får, gjer det lettare – for meg - å skjøna at også min identitet er knytt til Guds identitet.
Javisst handlar identiteten min om personlegdom, arbeid og relasjonar, familie og vener, nasjonalitet, språk, historie. Men den verkelege og djupaste identiteten min ligg i Gud, og særleg når det røyner på i livet.

Eg kan kvila i namnet til han som er. Og når morgonen kjem etter mørke natta, er eg glad for at også eg er, at eg lever og får ein ny dag. «For i han er det vi rører oss og er til,…» (Apg 17,28).
I unge år likte eg godt å lesa forfattaren Ronald Fangen (som også budde ei tid på Finse). Hugsar eg ikkje heilt feil, sa han fylgjande i ei av sine bøker: «Min identitet er min tro.»

> Men den verkelege og djupaste identiteten min ligg i Gud, og særleg når det røyner på i livet.

## På skattejakt i kyrkja

«Kan de finne skattekista? Ho ligg gjømt ein stad. Sjå på skattekartet.» Vigdis Storhaug, Kristine Andersen og konfirmantar lar barna leie skattejakta. «Der under teppet», peiker barna. Kista blir opna og dei får sjå inn i eit skrin. Eit speil gjer at barnet ser seg sjølv. «Det er du som er skatten», fortel Vigdis. I tillegg er det gullpengar oppi der. Gullpengar med sjokolade inni.

Barn frå 4-7 år har vore på Kyrkjelaurdag i Leveld, Torpo og Ål kyrkje. To timar fylt med skattejakt, song, drama og hobby. Lokale konfirmantar var med som leiarar og hobbysjefar. På Torpo har fleire av konfirmantane vore med i Torpoenglane då dei var barn. Dei var med som dirigentar og songarar på gudstenesta i Torpo.

Det blei tre festgudstenester i dei tre Ål-kyrkjene våre. Kyrkjer fylt med barn og ungdom. Eg kan ikkje tenkje meg noko betre.

*Kristine G. Andersen*
*kyrkjelydspedagog*



FOTO: TONE MERETHE THO

## Takk for di stemme! Kyrkjevalet i Ål 2019

Nokon er glade i tal, andre i namn eller bilete av dei valde. I julenummeret vårt kjem me med bilete av dei nyvalde i sokneråd og fellesråd.

Desse er:
**Leveld sokn:**
Torfinn Slåtto og Else Karin Holte Veslegard.

**Torpo sokn:**
Birger Bolstad og Wenche Smestad.

**Ål sokn:**
Liv Margit Sørbøen, Einar Brattegard, Anne Kjersti Frøyen og Arild Øystese Hansen (SR).

**Varafolk:**
Liv Asdahl Solberg, Jorun Teksle Gurigard, Gerd Opheim Berg, Kristin Trintrud, Oddveig Skrindo Tveitehaug, Laila Merete Knaldre, Vigdis Vedvik Gåsterud, Svein Medhus, Anne Gerd Fleten Jorde, Håkon Sato, Siv Sylvarnes, Wenche Skår Ekse, Tor Sletten, Ole Øyvind Anderson og Dagrun Kristine Aas Ilstad.

Inga Stoveland Dekko, frå Torpo, kom inn som den 5. i Bispedømerådet og yngst av to under 30. Dette set me pris på.
Forøvrig så er det ein triveleg dag, valdagen, litt lang, men ein møter så mykje folk som ein sjeldan kjem i prat med elles. Og mange gode ord og betraktningar innan dagen er over.

Me var på helsetunet ein dag med valurna. Ei interessant oppleving å møte våre «eldste». Men «me tørpinga» nedpå der var samde om: Kvifor skal «me» - som har butt på Tørpo all vår tid inntil helsa krev at me må/bør fløta til Sundre, for så etter livets siste dag fløt attende til Tørpo, der me i atskillege år har stelt gravene til slekta vår – kvifor skal me måtte velje rådet for ålingadn?

*Olav Moen*

**KYRKJA TRENG DEG!**

# Markering «Søndag for de forfulgte»

**Søndag 10. november kl.19.00 i Herad kyrkje**



Den andre søndagen i november markeres «Søndag for de forfulgte». Denne dagen står vi sammen om å vise solidaritet med alle kristne som undertrykkes eller forfølges. Markeringen skjer i en rekke kirkesamfunn i mer enn hundre land. I Norge engasjerer blant annet Stefanusallansen seg i markeringen.

Kirkene på Gol og Ål skal sammen markere dagen med gudstjeneste med fortellingen om Den hellige oljen. Eivind Skeie har skrevet denne fortellingen basert på legender han ble kjent med gjennom kristne i Egypt. Det begynner med noe som hendte under Josef, Maria og Jesubarnets flukt til Egypt. Det er en av gavene fra vismennene det handler om.

Om lag ti prosent av Egypts befolkning på 97 millioner (2017) er koptere. Landets kristne har gjennom århundrene opplevd ulike grader av diskriminering og i noen grad og noen steder forfølgelse. Men de egyptiske kristne har funnet mye styrke og oppmuntring i tanken på at den hellige familien finner vern i deres land. Også i dag gir det dem stolthet, frimodighet og glede.

La oss sammen be for de kristne som undertrykkes eller forfølges i Egypt og i andre land. Velkommen til gudstjenesten.

*Stefanusalliansen / Martha Frøyland Bleiktvedt*

# Å finne kvarandre i e-moll

*Fleire tusen kilometer og språklege vanskar til tross. I slutten av september knytte utsendingar frå Ål band til Kunming i Kina.*

Kulturscenen TCG-Nordica hadde nyopning, og Ål kyrkje fekk spørsmål om å stå for det norske musikkinnslaget på festivalen. Me drog avgarde med lur, bukkehorn, seljefløyte og trekkspel. Musikarane Audun Flaen, Eilif Gundersen og Andres Lillebo vitja kyrkjer og torg.

Med utgangspunkt i Jo Asgeir Lie si folkemusikkmesse vart det konsertar i kyrkjer og improviserte musikkmøte der folk ferdast. Det var særleg stor merksemd rundt bukkehorn og lur som har eit visst slektskap til kinesiske folkemusikkinstrument. Me ser ikkje bort frå at Ål kan få kjennskap til kinesiske instrument og utøvarar ved seinare høve.

Stor takk til Den norske ambassade i Kina og til stiftelsen Areopagos for støtte.

*Kjellfred Dekko*



Lurblåsing frå West Mountain (2400 moh)



Anders Lillebo, Eilif Gundersen, Audun Flaen.

Med utgangspunkt i Jo Asgeir Lie si folkemusikkmesse vart det konsertar i kyrkjer og improviserte musikkmøte der folk ferdast.

## Velkommen til Tro og Lys – Ål gruppa

*I Kyrkjestugu og kyrkja kl.17.00-19.00*

**Måndag 28.oktober**
I kyrkja: Konsert med Tore Thomassen **kl. 18.15**

**Onsdag 20.november kl.18.00**
Tro og Lys julekonsert i Ål kyrkje
"Musikk for alle" frå Nesbyen
Kåre Sand, torader
Åshild Høgberg, dikt.
Helsing v/ Vigdis Moen Storhaug
Mat og program i Kyrkjestugu kl 16.30


FOTO: UNSPLASH.COM




Konsert med
## TRYGVE SKAUG
Ål kyrkje torsdag 28.nov, kl 19.00

Her går billettene fort, mesteparten av turneen er allerede utsolgt!

Arr; Nordic live/ skjærgårds live, Ål.

## Formiddagstreff – Hausten 2019

### Ål kyrkjestugu kl. 11-13

**Onsdag 6. november**
Tema v/ Gunn Britt Skarsgard; Mor si skjulte historie frå polititroppane under 2.verdskrig.
Andakt: Arne Jensen

**Onsdag 4. desember**
Tema v/Vigdis Sønstelid: Eventyrhuset, Skeiestugu.
Andakt: Guri Ekse

**Onsdag 8. januar 2020**
Tema v/Tore Bøygard : Frå kyrkjetenar til skiskyttarpresident.
Andakt: Kristine Giljebrekke Andersen

### Vats bedehus i Nordbygdene kl. 12 -14

**Onsdag 27. november**
Tema v/ Knut Oleivsgard: Farbror Otto sin jakttur på Reineskarvet under krigen. Andakt: Magny Folkedal

***For meir info***
***www.aal.kyrkja.no***
***og annonse i Hallingdølen***

### SORGGRUPPE

Invitasjon til sorggruppe for alle som har mist nokon i nær relasjon. Det blir oppstartsmøte **onsdag 6.nov kl 18** i sakristiet i Ål kyrkje. Tidspunkt for gruppa blir bestemt på første møte.

Ei sorggruppe gir rom for sorga, saman med andre i liknande situasjon. **Ved spørsmål ring: 40 45 57 83**

## VI GÅR I KYRKJA

| | | |
|---|---|---|
| **03.11.19** | | |
| Leveld kyrkje | 11.00 | Helgemesse<br>Takkoffer : Diakoninemnda i Nordbygdene |
| Torpo kyrkje | 11.00 | Helgemesse<br>Takkoffer: Diakoninemnda Torpo |
| Ål kyrkje | 17.00 | Helgemesse<br>Takkoffer: Diakoniarbeidet i Ål |
| **10.11.19** | | |
| Ål kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer :Misjonsprosjekt Nepal |
| **17.11.19** | | |
| Torpo kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkeoffer: kyrkjebladet |
| Leveld kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Misjonsprosjekt Nepal |
| **24.11.19** | | |
| Ål kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkeoffer : Kirkens bymisjon |
| Leveld kyrkje | 17.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Den Norske Misjonsallianse |
| **01.12.19** | | |
| Ål kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Between |
| Torpo Kyrkje | 18.00 | Lysmesse<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet |
| **04.12.19** | | |
| Ål kyrkje | 19.30 | Gudsteneste |
| **08.12.19** | | |
| Ål kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet |
| Leveld kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Misjonsprosjekt Nepal |
| **11.12.19** | | |
| Ål kyrkje | 19.30 | Gudsteneste |

### DØYPTE
**Leveld kyrkje**
25.08 Oskar Uhlen Dokk
15.09 Sigbjørn Thoen Haugen
Hanna Thoen Bøen

**Torpo kyrkje**
18.08 Katarina Alexandra
Strøm Moen

### VIGDE
**Ål kyrkje**
31.08 Ingrid Nordli Skjeggestad
og Lars Jonas Bergo

### DØDE
**Ål Kyrkje**
08.08 Kurt Severin Pedersen
f. 1957
27.08 Oddvar Øygard f. 1935
29.08 Sigmund Medgard f. 1938
02.09 Astrid Dalseide f. 1933
03.09 Andreas Johannessen
f. 1987

**Leveld Kyrkje**
15.09 Selma Andersen f. 1946

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut i desember.
Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost:
tone-idunn.anthun@hallingnett.no
**Frist innan 14. november**

### Morgonbøn
**Ål kyrkje er open for ei stille morgonstund**
**kvar tysdag kl. 08.00-09.00**

## Takk, Line!

August 2017 tiltrådte Line Østro stillingen som sekretær ved kirkekontoret. Gjennom disse to årene har hun sørget for god orden og ryddig oversikt over mye av det som skjer i kirkelandskapet. Line er stille av seg, men svært effektiv. Positiv, grundig og pliktoppfyllende i alt sitt arbeid.

Som sekretær sitter man svært nær inngangsdøra til kontorfløyen. I så måte har Line hatt en viktig førstelinjetjeneste. Hit kommer mennesker i ulike livssituasjoner. I Line har besøkende, uavhengig av ærend, møtt en person med et rolig, vennlig og imøtekommende vesen.

Nylig gikk Line til ny jobb på Hallingdal sjukestugu. Vi ønsker lykke til med nye utfordringer. En stor takk fra alle oss som har hatt gleden av å ha deg som kollega her i kirken!

*Arne Jensen*

Familievernkontoret
Ringerike - Hallingdal
Stiftelsen Kirkens Familievern

Samtaler for par, familier og enkeltpersonar. Kommunikasjon, konfliktløysing, foreldrerettleiing, mekling m.m.Tilbodet er gratis

**Tlf. 32 12 33 44**

Torget 5, Ål. Pb. 119, 3571 Ål
E-post: familievernkontoret.
ringerike.hallingdal@bufetat.no

For døve og tunghøyrde;
send sms til: 404 88 126
www.familievern.no • www.bufetat.no

Leder: Frøydis Stoveland Dekko
Familieterapeutar: Marit Haug Noss, Anita Etterlid, Ingeborg Fosvold Slåtten og Frøydis Stoveland Dekko
Sekretær: Guro Stave

# Fra juss til teologi

*Da våren kom til Hallingdal, fikk vi også en ny prost. Sveinung Hansen ble vigslet av biskop Jan Otto Myrseth under en høytidelig seremoni i Ål kyrkje 19. mai.*

Tekst og foto: Tone I. K. Anthun

Sveinung ble født i Porsgrunn, men vokste opp i et internasjonalt miljø i en Folkehøgskolefamilie på Birkeland i Aust-Agder. I oppveksten hadde han barnepassere fra både Sri Lanka og Hemsedal. I militæret var Sveinung blant annet assistent for feltpresten. Senere reiste han til Rotterdam for å jobbe i Sjømannskirka. «For å bygge relasjoner må kirka ut og møte folk, ikke vente på at de kommer til oss», sier han. Og møte med sjømenn og lastebilsjåfører, som var langt hjemmefra og som kjente på ensomhet og hadde hjemlengsel, gjorde spesielt inntrykk på et ungt sinn.

Da han senere skulle velge studieretning valgte han juridiske fag, ikke teologi som man kanskje skulle tro. Etter en stund spurte en kamerat om de skulle bevilge seg et friår for å «ta litt kristendom». Dette ble et vendepunkt for Sveinung - som førte til at han ble prest og ikke jurist. Kameraten, som studerte kunst, gikk også inn på teologistudiet etter friåret, og i dag er de begge prester.

Dette er et mangfoldig yrke, forteller Sveinung. Som trosopplæringsprest i Lommedalen jobbet han flere år med barne – og ungdomsarbeid. De siste 8 årene har han vært sokneprest i Hol - og han er glad for å fortsette sitt virke i Hallingdal. Prostestillingen er delt mellom å lede prestetjenesten i prostiet og være menighetsprest, og han ser frem til å jobbe med begge oppgavene.

Sveinung ønsker å bidra til å videreutvikle, påvirke, inspirere og legge til rette for at alle som ønsker det skal finne sin naturlige plass i kirka. Han er opptatt av at det skal oppleves meningsfullt for den enkelte å komme, og synes det er viktig at mennesker føler de møter en gjestfri kirke som inviterer dem inn i fellesskapet. Noe av det Sveinung gleder seg mest til er å bli kjent med menighetene, og alle de frivillige og ansatte medarbeiderne. «Kirka er et avtrykk i lokalmiljøet der menigheten preger gudstjenesten», sier han.



Det er viktig at mennesker føler de møter en gjestfri kirke som inviterer dem inn i fellesskapet. ~~I tråd med kirkens budskap om nestekjærlighet~~.

# Julefeiring på TID kafé

*Tid for jul!*

**Også i år blir det julefeiring på TID kafé kl. 17-22 julaften.**

- Velkomstgløgg
- Tradisjonell julemat (alternativ meny for dei som ynskjer det)
- Musikk, song m.m.
- Kr 50,-

**1. juledag er det brønsj kl. 13. Kr 50,-**

*Velkommen!*

Ta gjerne kontakt om du har lyst til å vere med på feiring og ta kontakt om du kan vere med som frivillig før, under eller etterpå.

Arrangementet vil vere opent for alle, små og store og mat og opplegg blir forma etter kven som melder seg på.

**Meld deg på /meld din interesse innan 17. des til: kyrkjekontoret: 32 08 61 61 eller diakon på tlf: 40 45 57 83**

TID

FOTO: UNSPLASH.COM